

Finansministeren

Stortinget

Dykkar ref

Vår ref
24/2769 -

Dato
05.06.2024

Svar på spørsmål til skriftleg besvarelse nr. 2073 frå Alfred Jens Bjørlo

Eg viser til brev 21. mai 2023 frå Stortingets president vedlagt følgjande spørsmål til skriftleg besvarelse frå stortingsrepresentant Alfred Jens Bjørlo:

«Nye tal i RNB 2024 syner at regjeringa, stikk i strid med tidlegare prognosar og med regjeringa sin retorikk om «rekordhøge investeringar i næringslivet», ventar at investeringane i norske bedrifter på fastlandet vil gå ned med 2,6% i 2024 og endå meir ned neste år. Kan finansministeren gi eit oversyn over utviklinga i kvartalsvise sesongjusterte investeringar frå 1. kvartal 2022 til 1. kvartal 2024 i høve nasjonalregnskapet (SSB) for fastlandsnæringslivet - altså med petroleumssektoren og offentleg forvaltning trekt frå?»

Svar

Investeringane i fastlandsforetaka heldt fram med å auke i 2023 etter ein kraftig vekst i 2022 og har ikkje vært målt høgare sidan målingane starta i 1970. Også som del av bruttoproduktet i fastlandsøkonomien er investeringane høge, og vi må tilbake til 2008 for å finne tilsvarende nivå. I revidert nasjonalbudsjett anslår vi at investeringane vil gå litt ned framover, men framleis halde seg høge. Nedgangen må sjåast i samanheng med auka renter, høg kostnadsvekst og at fleire stor prosjekt er i slutfasen. Investeringene i fastlandsforetaka var i 2023 40 % høgare enn gjennomsnittet for 2014 – 2021 under den Venstre støttede Solberg-regjeringen.

Vi nyttar tal frå mellom anna SSB i arbeidet med å lage anslag for norsk økonomi, og vi hadde tal fram til 4. kvartal 2023 da anslaga blei ferdigstilte. Nedanfor følgjer ein tabell

over kvartalsvise sesongjusterte investeringstal for fastlandsforetaka både i faste og løpande prisar, som ikkje inkluderer investeringar i offentlig sektor, petroleumsinvesteringar eller bustadinvesteringar. Tala i tabellen er meir oppdaterte enn det vi hadde tilgjengeleg da vi utarbeidde anslaga til revidert nasjonalbudsjett.

Tabell Bruttoinvesteringar i fastlandsnæringane. Sesongjusterte tal. Mrd. kronar. 1. kvartal 2022 – 1. kvartal 2024

	Løpande prisar	Faste 2021-prisar
1. kv. 2022	108,7	104,7
2. kv. 2022	112,3	105,5
3. kv. 2022	115,6	106,5
4. kv. 2022	114,5	104,1
1. kv. 2023	125,1	111,7
2. kv. 2023	128,7	113,0
3. kv. 2023	126,1	110,1
4. kv. 2023	119,4	102,8
1. kv. 2024	108,7	104,7

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Nasjonalregnskapet, tabell 09190.

Med helsing



Trygve Slagsvold Vedum